



Årdal kommune

Årdal eldreråd

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 12.02.2021

Møtetid:

Kl. 12.30 - 14.30

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.:

001/21 – 009/21

Følgjande medlemer møtte	
Steinar Drægri	
Ida Thune	
Odd Øvregard	
Oddgeir Øren	
Odveig Borlaug	
Hilmar Høl (ordførar)	
Patricia Seglem Lægreid (1. vara)	

Møteleiar:	Leiar Steinar Drægri
Frå adm. møte:	Kommunalsjef Mette Hestetun Berg

Merknader:

Orientering frå kommunalsjef helse, omsorg og NAV:

Korona:

Det vert vaksinert for fullt. Usikkert kor mykje vaksine som kjem veke til veke og det er krevjande å planlegge for å ha god logistikk. Det er vaksinert alle bebuarane på sjukeheimane, ÅBO og i Øvstetunshagen. Desse har fått dose to. Kommunen er no klar for å starte vaksinering av dei som er i fødselsår 1936 i veke 7. Noko helsepersonell er vaksinert. Til no ikkje opplevd nokon som har fått allergisk reaksjon på vaksinen. Status per 12. februar er 252 personar som har fått dose 1 og 78 personar som har fått dose 2. Det vert lagt ut oppdatert oversikt på heimesida til kommunen kvar fredag under koronainformasjonen.

Bassenget i Årdalshallen har vore stengt for vaksne, men vert opna frå 17. februar. Det er komme ynskje frå nokon av brukarane på eldresenteret om å få lov til å starte opp litt aktivitet igjen. Administrasjonen ser at det er ei sårbar tid for dei einslege eldre og har vore i dialog med Statsforvaltaren om å få opne opp for dei som nyttar eldresenteret på Årdalstangen.

Eldrerådet har full tillit til at kommunen handterer arbeidet med pandemien på ein god måte.

Ergoterapeut

Tilsett ei i 50% stilling som skal jobbe med kvardagsrehabilitering. Har jobba med det som eit prosjekt og ynskjer å vidareføre dette. Vil da og følgje opp kartleggingsbesøk av eldre.

Merknader og spørsmål til tidlegare møteprotokollar i eldrerådet

- Det vart stilt spørsmål om utfordring for rørslehemma ved tilkomst til kommunale bygg. Leiar presenterte rapport etter synfaring i sentrumsområde på Årdalstangen jf. sak under ymse.
- Merknad til protokollen frå møtet 11. desember. Denne må omarbeidast og leggjast inn systemet etter standard praksis som dei andre protokollane.

Parkeringsregime

Det vart etterlyst tilbakemelding på parkeringsregime.

Varamedlem

Eldrerådet ber om at, frå og med neste møte, vert første vara til eldrerådet kalla inn fast på alle møte. Møter da kun med tale og forslagsrett. Dette vil auke utgiftene til møtegodtgjersle for eldrerådet.

Underskrifter:

Oddgeir Øren

Patricia S. Læg Reid

Steinar Dræg ni

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/21	Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll
002/21	Årsmelding 2020
003/21	Økonomi
004/21	Ringbuss
005/21	Busshaldeplass i Statsråd Evensensveg
006/21	Orientering frå leiar i pensjonistforbundet
007/21	Skal/kan eldrerådet be om referat frå komiteane/utvala
008/21	Kurs i Eldrerådet
009/21	Ymse

001/21: Godkjenning av innkalling og sakliste, signering av møteprotokoll

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Oddgeir Øren og Patricia Seglem Lægreid til å signere møteprotokoll i lag med leiar. Samrøystes.

ÅER- 001/21 Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Oddgeir Øren og Patricia Seglem Lægreid skal signere møteprotokollen i lag med leiar.

002/21: Årsmelding 2020

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Det vart lagt fram forslag til årsmelding for 2020. Årsmeldingen er sendt ut til medlemmane i forkant. Innspel til årsmeldingen vart gått igjennom og leiar innarbeider merknader som kom fram.

ÅER- 002/21 Vedtak:

Leiar ferdigstiller årsmelding med dei merknader som kom fram. Årsmeldingen vert lagt fram for kommunestyret.

003/21: Økonomi

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Status eldrerådet sitt budsjett:

Leiar er blitt informert om at eldrerådet har kr. 92.000,- på bok og kan forventast at kr. 63.000,- kjem inn på konto frå den Kulturelle spaserstokken.

Sykkelløysing for institusjonane

Eldrerådet ber administrasjonen sjå på kva kostnad ei komplett løysing vil vere for å få dette ut på institusjonane. Det vart diskutert om det var mogleg å få til eit spleiselag med andre frivillige organisasjonar, og at Årdal eldreråd kan gje ei løyving frå midlane som er tilgjengeleg.

ÅER- 003/21 Vedtak:

Eldrerådet føl opp saka vidare.

004/21: Ringbuss

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Det er sendt inn forslag til ny rute for ringbuss i Øvre Årdal sentrum for å få etablert ei betre løysing enn det som er no. Ringbussløysinga i Øvre Årdal vart redusert for nokon år sidan og har i dag ikkje godt nok tilbod. Tilbodet er delvis erstatta med serviceskyssordning. Ruta er definert etter maks tal kilometer og dette skal fordelast i heile kommunen.

Det er avdekka at uta som går mellom sentrum Årdalstangen til Seimsdalen (Lakkegjerdet) har lite passasjerar og er ofte tom. Det er difor ynskjeleg å sjå på om det er mogleg å gjere endringar/flytte på stoppeplassar og erstatte desse med serviceskyss.

Serviceskyssordninga er ei ordning som kommunen organiserer sjølv med midlar frå fylkeskommunen. Brukarane bestiller skyss seinast dagen før, innan eit fastsett tidspunkt og vert henta heime og køyrde frå dør til dør. Det er ein eigendel på 30 kroner kvar veg. Ordninga er for lite kjent og det må informerast betre om denne.

ÅER- 004/21 Vedtak:

1. Forslag til ny rute for ringbuss er sendt inn og leiar følg opp dette med Tide.
2. Det må lagast til betre informasjon om serviceskyssordninga så brukarane blir kjent med tilbodet.

005/21: Busshaldeplass i Statsråd Evensensveg

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Oddgeir Øren fremja forslag om å flytte busshaldeplassen i sentrum på Årdalstangen.

ÅER- 005/21 Vedtak:

Eldrerådet sender forslaget til Årdal Tenk Tryggleik og med kopi til kommunalsjef for teknisk. Samrøystes vedteke.

006/21: Orientering frå leiar i pensjonistforbundet

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Odd Øvregard, leiar i pensjonistlaget, orienterte om at statsforvaltaren har midlar som kan søkjast på. Pensjonistlaget har søkt om midlar til to arrangement for å få til aktivitet for eldre. Dei har fått tildelt kr 50 000,- til sosiale tiltak.

ÅER- 006/21 Vedtak:

Eldrerådet er positive til tiltaket og kan vere til praktisk hjelp i samband med aktivitetane.

007/21: Skal/kan eldrerådet be om referat frå komiteane/utvala

12.02.2021 Årdal eldreråd

Møtebehandling:

Eldrerådet ynskjer tilsendt møtedokument for dei politiske utvala.

Dokumenta er tilgjengeleg på møteoversikten til dei politiske utvala på [denne lenkja](#)

ÅER- 007/21 Vedtak:

Saka vert teken til orientering.

008/21: Kurs i Eldrerådet

12.02.2021 Årdal eldreråd

ÅER- 008/21 Vedtak:

Tysdag 9. mars kl. 13.00 i eldresenteret, Øvre Årdal.

Medlemer og varamedlemer i eldrerådet.

Odd Øvregard avtalar bruk av eldresenteret og ordnar med tilgang til teknisk utstyr.

009/21: Ymse

12.02.2021 Årdal eldreråd

Kartlegging hjertestartarar

* er det muleg å skilte kvar hjertestartarar er?

* bør det leggest inn i registeret til 113 og da sikre at dei som nyttar den appen får oversikt på kvar det er?

Synfaring på framkomst for rørslehemma i Øvre Årdal

Leiar orienterte om kartlegging som var gjort på Årdalstangen. Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne tok initiativ til denne kartlegginga. Eldrerådet ber om at det vert gjort ei tilsvarande kartlegging av snublefeller med meir i sentrum i Øvre Årdal og.

Fotterapeut

Det er stort sakn blant eldre etter fotterapeut i Årdal. Ordførar orienterte om tankar knytt til korleis ein

kan løyse dette, men det er ikkje avklart noko formelt.

Masseuttak frå tunellarbeid:

Ordføraren orienterte om planar for bruk av tunellmasse. Det vert henta ut omlag 250 tusen kubikk med tunellmasse og det vert no arbeidd med ulike område for å kunne nytte denne. Noko av masse skal nyttast til sikringsarbeid i oppbygging av rasvollar.

ÅER- 009/21 Vedtak:

1. Eldrerådet ber om at Årdal tenk tryggleik ser på korleis ein kan løyse utfordring med oversikt på kvar hjartestartarane er og korleis det kan skiltast.
2. Eldrerådet oppmodar kommunalt råd om at det vert gjort ei kartlegging av snublefeller med meir i Øvre Årdal.